



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

Rolf Ask  
Eikelandshaugen 42 A

5451 Valen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
<b>Natalie Martins Sæberg</b>	<b>990 83 943</b>	<b>2026/5263-2</b>		<b>02.07.2026</b>

## Tilbakemelding på førespurnad - Valen

Viser til førespurnad som gjeld endring i matrikkelen for naust brukt som fritidsbustad. Det er lagt ved erklæring på at naustet oppført på 60-talet, sidan den gong har vore brukt som fritidsbustad.

Kommunen har gått gjennom arkivet og finn at omsøkte tiltak i tilknytning til naustet er søkt om til naust. Det vart søkt tilknytning til offentleg avløpsanlegg for naustet i 2021.

I prinsippvedtak frå forvaltningskomiteen 19.05.04 vart det gjort vedtak om løyve til bruksendring frå naust til fritidshus for naustvika båtlag som omsøkt. Søknaden vart levert på vegne av heile naustrekka med grunngjevinga at det vart gjeve løyve til fritidsbustad på 186/216. Det vart aldri gjort endeleg vedtak i forvaltningskomiteen, sidan det kom negativ uttale frå regionale styresmakter.

Dette stettar at bygget du spør om er oppført som naust og lovleg bruk er til naust. Dersom du har dokumentasjon på at dette skulle vere feil, så kan det krevjast retting av matrikkelen. Dette er eit eige skjema som fyllast ut og naudsynt dokumentasjon må leggjast ved. Skjema finn du på kommunens heimeside.

Sidan førespurnaden gjeld eigedom der du ikkje er heimelshavar, er eigarar set på kopi for orientering.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Natalie Martins Sæberg  
*Saksbehandlar*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*